



Helland Gruppen Næringsbygg As
Idrettsvegen 3
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4294 - 23/46084

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
12.06.2023

Løyve til seksjonering gbnr 137/808 Alver

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 137. bnr 808, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-12 er næringsseksjonar der brøken er fastsatt etter BRA for kvar enkelt seksjon. Snr 1 og 9 har eigarbrøken 59/1304, snr 11 har 97/1304, snr 12 har 625/1304 og resten har 58/1304.

Bygget går over 2 etasjar der Snr 12 utgjør heile 2. etasje.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre og har eigen inngang frå uteområde.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for alle seksjonane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 137/808 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har 31.05.23 motteke søknad, datert 19.05.23, om seksjonering av eigedommen gbnr 137/808 med adressene Galteråsen 11A-11L. Det kom inn ny endra søknad om seksjonering 08.06.23, samt nye retta seksjoneringsteikningar.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av stort lagerbygg.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av adressene. Situasjonsskart er datert 10.05.23. Kommunen har påført bokstav-adresser.
- Planteikningar (2 vedlegg) av lagerbygget over 1. og 2. plan.
- Vedtekter (forslag til) for sameiet gnr. 137 . bnr 808, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn og signert av dagleg leder/leder i styret for eigar Helland gruppen næringsbygg AS, som har signaturrett.

Efter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar, etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming av seksjonering pkt 23. Tinglysingsgebyr kjem i tillegg.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helland Gruppen Næringsbygg As

Idrettsvegen 3

5936

Manger